

## RÅDSREKOMMANDASJON

2007/EØS/16/46

av 18. februar 2003

## om betring av vernet av helsa og tryggleiken på arbeidsplassen til sjølvstendig næringsdrivande(\*)

(2003/134/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN —

som viser til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308,

som viser til framlegget til rekommandasjon frå Kommisjonen,

som viser til fråsegna frå Europaparlamentet<sup>(1)</sup>,

som viser til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>, og

som legg desse synsmåttane til grunn:

- 1) I samsvar med kommisjonsmeldinga om eit fellesskapsprogram om tryggleik, hygiene og helse på arbeidsplassen (1996-2000)<sup>(3)</sup> bør det undersøkjast om det på grunn av det stadig aukande talet på sjølvstendig næringsdrivande bør gjerast eit framlegg til rådsrekommandasjon om helse og tryggleik for sjølvstendig næringsdrivande.
- 2) I resolusjonen sin om den allmenne ramma for tiltak frå Kommisjonen på området tryggleik, hygiene og helse på arbeidsplassen (1994-2000)<sup>(4)</sup> gjer Europaparlamentet framlegg om at det vert gjort tiltak for å utvide rammedirektivet til å omfatte sjølvstendig næringsdrivande. I resolusjonen sin om den førebels rapporten om gjennomføringa av dette programmet<sup>(5)</sup> gjer Europaparlamentet på nytt merksam på kategorien sjølvstendig næringsdrivande, som stort sett ikkje kjem inn under verkeområdet til regelverket, og strekar under at veksten i underleveransar har ført til ein auke i talet påulukker på arbeidsplassen.
- 3) Både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande bør, dersom det er mogleg, ta omsyn til kommisjonsmeldinga av 11. mars 2002 «Tilpassing til endringar i arbeidslivet og samfunnet: ein ny fellesskapsstrategi for helse og tryggleik på arbeidsplassen 2002-2006» og rådsresolusjon

av 3. juni 2002 om ein ny fellesskapsstrategi for helse og tryggleik på arbeidsplassen (2002-2006), som tek sikte på å innføre ein kultur for førebygging og påverking av åtferd.

- 4) Partane i arbeidslivet legg stor vekt på vern av helsa og tryggleiken til både sjølvstendig næringsdrivande og andre personar som arbeider på den same arbeidsplassen, og nesten alle er positive til eit fellesskapstiltak i form av ein rådsrekommandasjon der det vert lagt vekt på høgrisikosektorar og særleg på opplysning og haldningsskapande tiltak for førebygging av risikoar, tilstrekkeleg opplæring og helseovervaking.
- 5) Arbeidstakarar som utøver yrkesverksemda si på ein måte som ikkje inneber eit arbeidstilhøve til ein arbeidsgjevar, eller meir generelt, ikkje inneber at dei er underordna ein tredjeperson, er vanlegvis ikkje omfatta av fellesskapsdirektiva om helse og tryggleik på arbeidsplassen, særleg rammedirektivet 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen<sup>(6)</sup>. I visse medlemsstatar er desse arbeidstakarane heller ikkje omfatta av den lovgjevinga som gjeld på området helse og tryggleik på arbeidsplassen.
- 6) Sjølvstendig næringsdrivande kan, anten dei arbeider aleine eller saman med lønstakarar, verte utsette for dei same helse- og tryggleiksrisikoane som lønstakarane.
- 7) Sjølvstendig næringsdrivande kan under arbeidet sitt setje tryggleiken og helsa til andre personar som arbeider på den same arbeidsplassen, i fare.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 53 av 28.2.2003, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 111/2004 av 9. juli 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 23.12.2004, s. 31.

<sup>(1)</sup> Fråsegn gjeven 23. oktober 2002 (enno ikkje offentleggjort i TEU)

<sup>(2)</sup> TEF C 241 av 7.10.2002, s. 139.

<sup>(3)</sup> TEF C 262 av 7.10.1995, s. 18.

<sup>(4)</sup> TEF C 205 av 25.7.1994, s. 478.

<sup>(5)</sup> Europaparlamentsresolusjon av 25.2.1999 (A4-0050/1999).

<sup>(6)</sup> TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1.

- 8) Dessutan finst det i Fellesskapet visse «høgrisikosektorar» der talet på sjølvstendig næringsdrivande er svært høgt (landbruk, fiske, bygg og anlegg, transport).

- 9) ILO kom nyleg med ei tilråding i samband med konvensjonen om helse og tryggleik i landbruket<sup>(1)</sup>, der det står at medlemsstatane gradvis må utvide det vernet som gjeld for lønstakarar slik at det òg vil gjelde for sjølvstendig næringsdrivande gardbrukarar, samstundes som det eventuelt vert teke omsyn til synspunkta til organisasjonane til sjølvstendig næringsdrivande gardbrukarar.
- 10) Arbeidsulukker og yrkessjukdommar som sjølvstendig næringsdrivande er særleg utsette for, medfører høge sosiale og menneskelege kostnader.
- 11) Det er difor føremålstenleg å ta omsyn til sjølvstendig næringsdrivande og i denne rekommandasjonen leggje vekt på å førebygge risikoane for arbeidsulukker og yrkessjukdommar som sjølvstendig næringsdrivande er utsette for.
- 12) Trongen for å ta omsyn til den særskilde situasjonen til sjølvstendig næringsdrivande er alt vorten sannkjend i samband med arbeid som vert utført på mellombels eller mobile byggeplassar, ettersom det i direktiv 92/57/EØF<sup>(2)</sup> er fastsett at visse relevante føresegner om bruk av arbeidsutstyr og verneutstyr skal utvidast til å omfatte sjølvstendig næringsdrivande.
- 13) Betring av standardane for tryggleik og helse for sjølvstendig næringsdrivande kan gje betre vilkår for konkurranse og konkurranseevne på europeisk plan.
- 14) Det er òg naudsynt å gje betre tilgang til opplæring og opplysning for sjølvstendig næringsdrivande med sikte på å betre helse og tryggleiken både for dei sjølve og for personar som arbeider på den same arbeidsplassen.
- 15) Medlemsstatane bør velje dei midla som dei finn mest føremålstenlege for å nå måla.
- 16) Denne rekommandasjonen påverkar ikkje eksisterande eller framtidige nasjonale føresegner som sikrar betre vern.
- 17) I den noverande situasjonen er det medlemsstatane som best kan vedta høvelege tiltak, men Fellesskapet bør òg medverke til å nå måla i denne rekommandasjonen.
- 18) Framlegget vart utarbeidd etter konsultasjon med partane i arbeidslivet, i samsvar med artikkel 138 nr. 2 og 3 i EF-traktaten, og med Det rådgevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen —

## TILRÅR AT MEDLEMSSTATANE:

1. innanfor ramma av politikken deira med omsyn til førebygging av arbeidsulukker og yrkessjukdommar, fremjar tryggleiken og helse til sjølvstendig næringsdrivande, samstundes som det vert teke omsyn til dei særlege risikoane som finst i særskilde sektorar og det spesielle tilhøvet mellom oppdragsgjevarar og sjølvstendig næringsdrivande,
2. når dei fremjar helse og tryggleiken til sjølvstendig næringsdrivande, vel dei tiltaka som dei finn mest føremålstenlege, som til dømes eitt eller fleire av følgjande: lovgjeving, stimuleringsiltak, opplysningskampanjar og oppmuntring av dei partane som det gjeld,
3. gjer dei tiltaka som er naudsynte, medrekna haldningskampanjar, for at sjølvstendig næringsdrivande kan innhente nyttige opplysningar og råd om førebygging av arbeidsulukker og yrkessjukdommar frå dei rette styresmaktene og/eller organa i tillegg til sine egne interesseorganisasjonar,
4. gjer dei tiltaka som er naudsynte for at sjølvstendig næringsdrivande kan få tilgang til tilstrekkeleg opplæring for å få eigna kunnskap om tryggleik og helse,
5. lettar tilgangen til desse opplysningane og denne opplæringa utan at det medfører urimelege utgifter for sjølvstendig næringsdrivande,
6. i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis, gjev sjølvstendig næringsdrivande som ønskjer det, tilgang til ei helseovervaking som er avpassa til dei risikoane som dei er utsette for,
7. innanfor ramma av politikken deira med omsyn til førebygging av arbeidsulukker og yrkessjukdommar, tek omsyn til tilgjengelege opplysningar om røymsler som er gjorde i andre medlemsstatar,
8. fire år etter at denne rekommandasjonen er vorten vedteken, granskar effektiviteten til dei eksisterande nasjonale tiltaka eller dei tiltaka som er vortne vedteke etter at denne rekommandasjonen vart vedteken, og melder frå til Kommisjonen om resultatet.

Utfërda i Brussel, 18. februar 2003.

*For Rådet*

N. CHRISTODOULAKIS

*Formann*

<sup>(1)</sup> ILO-konvensjon 184/2001 av 21.6.2001.

<sup>(2)</sup> TEF L 245 av 26.8.1992, s. 6.